

Ormhilleren friluftsområde

Friluftsliv i Øygarden

Kommunen er ein lang rad øyar nord for Sotra med storhavet som næraste granne i vest. Her er rikt høve til friluftsliv og fiske. Ein kan vera vitne til naturelementa sitt mektige spel, men her er også blanke sommardagar med bading og båtliv. Øyane utgjør gode leveområde for mange ulike viltslag der artar som er knytta til hav og kyst er dei viktige gaste.

Allemannsrettane

Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du også har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lata att grunder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tida 1.1 - 20.8 og når det er sau på beite. Ver varsam med eld – hugs at du ikkje kan tenna bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9.

Med telt kan du fritt overnatta same stad i utmark og på Friluftsrådetts område, inntil 2 døgn i låglandet, utan å spørja grunneigar. Men hugs at du aldri skal setja opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydda når du dreg.

Utmark er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og fjell i Noreg. Udyrka, mindre areal i dyrka mark vert ikkje rekna som utmark.

Innmark er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage-og i tillegg yngre plantefelt, gardsplass, hus-tomt og industriareal.

Ordensreglar

- ✓ Dersom du lagar bål i strandkanten i vinterhalvåret, ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp.
- ✓ Tenn ikkje eingongsgrillar på bryggjer eller anna underlag som er brennbart.
- ✓ Sløkk eingongsgrillane forsvarleg etter bruk og ta dei med heim eller set dei ved søppelkonteineren.
- ✓ Ver vennleg å la livbøyene hengja i fred, slik at dei er i god stand om det vert bruk for dei.

Skjærgardstenesta

Skjærgardstenesta er eit samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar, statlege styresmakter og friluftsråda i Hordaland og Rogaland. Samarbeidet omfattar skjøtsel og drift av friluftsområde i Vestkystparken, langs kysten frå Austrheim i nord til Åna-Sira i sør.


Skjærgardstenesta har ei rekkje oppgåver som til dømes:

- ✓ Renovasjon
- ✓ Tilsyn og drift av toalett
- ✓ Skjøtsel av vegetasjon
- ✓ Ettersyn og vedlikehald av friluftsområda
- ✓ Informasjon og haldningsskapande arbeid



Andre friluftsområde i Øygarden

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) driv dei fleste bade og friluftsområda i Bergensregionen. I Øygarden kommune er BOF ansvarleg for friluftsområda i Lisleвика, Ormhilleren, Langøy og på Skogsøy.



Bergen og Omland Friluftsråd

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som driv over 176 friluftsområde i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Radøy og Øygarden.

Er du interessert i å vita meir kan du kontakta:

Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45, 5039 Bergen
Tlf. 55 39 29 50
Faks. 55 39 29 59
E-post: Firmapost@bof.no
Nettsider: www.bof.no